

Prosjektomtale

Differensiert standard for gang- og sykkelinfrastruktur

Innleiing

Bakgrunn og føremål

Å auke mengda mjuke trafikantar er eit viktig grep for å kunne nå det nasjonale nullvekstmålet og regionale planretningslinjer i t.d. Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017 – 2028. Realisering av meir og betre infrastruktur for desse trafikantane er eit nøkkeltiltak for å auke gåande og syklande. Dette har ein utfordring ved at slike tiltak ofte har høg kostnad. Det er difor viktig å greie ut for korleis ein kan maksimere nytta av dei midla ein har til rådighet opp mot å auke talet på syklistar og gåande.

Prosjektet vil fungere som ei oppfølging av sykkelprosjekta Vestland fylkeskommune og kommunane Lindås, Os, Fjell og Askøy har fått tilskot til dei to siste åra (frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet). Prosjektet skal bidra til å halde fram med kontakten vi har hatt med regionsenterkommunane rundt temaet, og ser dette også som eit prosjekt som vidare vil styrkje kompetansehevinga rundt i kommunane.

Prosjektet fekk tilskot på 500 00 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet juni 2019, med krav om sluttrapportering desember 2020.

Prosjektoppgåva

Med bakgrunn i tiltak 5.7 i *Regional transportplan for Hordaland* vil ein etablere eit forprosjekt der hensikta er å vurdere kva som skal til for å kunne etablere mindre kostnadskrevjande løysingar på gang- og sykkelinfrastruktur. Dette skal gjerast utan at det skal gå utover trafikktryggleiken. Handlingspunktet er aktuelt då ein i fleire samanhengar ender opp med planlagde infrastrukturløysingar som er så dyre at dei ikkje vert realisert, eller at enkeltprosjekt ender opp med å ta store deler av investeringsbudsjettet på bekostning av andre tiltak.

Dette prosjektet vil søkje å utforske kva moglegheiter som eksisterer i handbøkene til Statens vegvesen for å realisere ein økonomisk effektiv, føremålstenleg og trafikk sikker infrastruktur for gåande og syklande. Ein vil også ha høve til å kunne vurdere handbøkene med forslag til nye løysingar som ikkje er normerte.

Som forprosjekt vil føremålet vere å bringe fram kunnskap om kva effekt eventuelt slike forenkla tiltak vil kunne ha. Ein vil difor nytte konsulent som skal utføre moglegheitsstudie av ulike vegstrekningar i regionsenterkommunane i bergensområdet. Val av strekningar til analysen vil bli gjort på grunnlag av premisser som vert satt av fylkeskommunen.

Regionsenterkommunane blei i prosjektet sitt oppstartsmøte den 19.12.2019 orientert om at ein vil be dei kome med forslag til aktuelle strekningar for eit slikt studie. Dette vil bli handsama tidleg vår 2020 i lag med referansegruppa før ein vel å sende det vidare ut på anbod.

Organisering, gjennomføring og økonomi

Resultatmål for prosjektet

- Utvikle rettleiar for realisering av føremålstenleg gang- og sykkelinfrastruktur.
- Forprosjektet skal lede til oppstart av eit hovudprosjekt

Milepæler

1. Oppstart våren 2020
2. Anbudsutlysning for konsulent
3. Fullføring og rapportering desember 2020
4. Plannettverk med kommunane i fylket

Aktivitetar

- Opprette intern arbeidsgruppe
- Ta kontakt med regionsenterkommunane for å finne eit godt case til moglegheitsstudie
- Utlyse konsulentoppdrag
- Følgje opp med verkstader for å drøfte sykkeltematikk

Arbeidsgruppe:

Vestland fylkeskommune:

Seksjon for plan, klima og folkehelse, SUD, og seksjon for utgreiing, VEI.

Kommunar i referansegruppe:

Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden.

Statens vegvesen, region vest

Prosjektansvarleg:

Lars Petter Klem, seksjon for plan, klima og folkehelse, avdeling for strategisk utvikling og digitalisering

Prosjektansvarleg skal innskaffe relevant informasjon, førebu møteverksemd og har det daglege ansvaret med å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer ansvar for dokumentering av utgifter, kontakt med andre fylkeskommunar og offentlege instansar, skriving av anbod, kontaktperson for konsulent, formidling av resultat internt og eksternt og samt naudsynt rapportering.

Kostnadsplan

Differensiert standard for gang- og sykkelinfrastruktur	2020
Prosjektstillingar Vestland fylkeskommune	500 000
Konsulenttenester	500 000
Sum	1 000 000

Finansieringsplan

Namn på dokument
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 2 av 4

Differensiert standard for gang- og sykkelinfrastruktur	2020
Eigeninnsats	500 000
Tilskot	500 000
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	
Sum	1 000 000

Kontaktinformasjon

Funksjon	Namn	Adresse	Kontakt
Prosjektleder	Lars Petter Klem	Sandslihaugen 30, 5254 Bergen	+47 48 89 39 59 Lars.Petter.Klem@vlfk.no
	<i>Seksjon for plan, klima og folkehelse, avdeling for strategisk utvikling og digitalisering</i>		
Prosjekteigar	Vestland fylkeskommune	Sandslihaugen 30, 5254 Bergen	

Prosjektert framdriftsplan

Forslag til framdriftsplan for prosjektet per 09.01.2020.

Sluttrapport skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 1. desember 2020

Oppstartsmøte med regionsenterkommunane vert heldt 19.12.2019.

	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Opstart												
Bestemme casestudier												
Utlysning og signering av anbod												
Analyse- /konsulentarbeid												
Bearbeiding i arbeidsgruppa												
Sluttrapport og ferdigstilling												

Namn på dokument
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 4 av 4